UNIVERSITETET
I OSLO

Tjenestemannsorganisasjonene ved UiO
Dato: 16.06.2026
Dykkar ref.:
Vår ref.: 26/20556-2

Referat fra informasjons- og drøftingsmøte 16.06.2026

Tid og stad: 16. juni 2026 kl. 09.00 - 09.50, Fakultetsstyrerommet

Frå organisasjonane:

- Maren Ringstad, Bjørnar Sæther og Liv Tone Måseidvåg- Forskarforbundet
- Ole Magnus Ørsnes - Akademikarane
- Ingalill Herstad og Lærke Ajaaja Madsen Otzen - NTL
- Mari Gakkestad - lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Gudleik Grimstad - fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal - referent

Innkallinga vart godkjent.

Sakspapira til sakene finnes i innkallinga til fakultetsstyremøte 19.06.2026

Drøftingssaker

Sak 1: Organisasjonsendring ved Institutt for statsvitskap

Vedlagt styrenotat frå ISV

Dekanen orienterte kort om den planlagde endringa.

Organisasjonane støtta endringa og har elles ingen merknader.

Saka vil kome opp igjen som forhandlingssak til IDF så snart fakultetet har fått delegert forhandlingsløyve frå UiO sentralt.

Sak 2: Utgreiing av Sosialantropologisk institutt sitt økonomiske, fagstrategiske og organisatoriske handlingsrom

Sjå O-sak 3 i innkallinga til fakultetsstyremøte

Det samfunnsvitenskapelige fakultet
HR-Seksjonen

Postadresse:
Postboks 1084 Blindern
0317 OSLO NO

Besøksadresse:
Moltke Moes vei 31, Eilert Sundts hus, 4. etg.

E-post: postmottak@uio.no
Nettside: www.uio.no
Org.nr.: 971 035 854

Dekanen orienterer om at saka vil kome opp som orienteringssak på styremøte, og at det er for tidleg å seie noko om sjølve rapporten som vart lagt fram for få dagar sidan. Saka vil kome opp igjen som diskusjonssak på fakultetsstyremøte i september, og til IDF i forkant av dette. Til dette møtet er det primært kommunikasjonsplanen fakultetsstyre vil sjå på.

Organisasjonane hadde ingen merknader til saka.

Sak 3: Tidsplan for årsplanarbeidet 2027-2029

Sjå D-sak 2 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Dekanen spør om det er noko merknader frå organisasjonane til denne saka.

NTL nyttar høve til å stilla spørsmål ved tidsplanen for IDF-møta. Det er for kort tid mellom IDF-møta og fakultetsstyremøte. Det burde vore lagt inn fleire dagar mellom desse møta; det skal skrivast referat frå IDF, dette skal godkjennast av dei som deltok på møtet, det skal ettersendast til fakultetsstyre og medlemmane skal ha tid til å lese igjennom referatet. Dette kan gjere det vanskeleg for tilsetterepresentantane i fakultetsstyre å ta ut sin medbestemmelse.

Fakultetsdirektøren seier dette kan vera vanskeleg, og at ein har allereie gjort ei endring ved at sakspapira til fakultetsstyremøtet vert sendt ut samstundes ein kallar inn til IDF-møtet. Å få papira ferdig endå tidlegare vil vera vanskeleg.

Dekanen seier at inntrykket er at alle har lest referatet når ein kjem til fakultetsstyremøte, og det vert også jamleg referert til i møte.

Sak 4: Revidert forskingsinfrastrukturstrategi

Sjå V-sak 7 i innkallinga til fakultetsstyremøte

Ingen merknader frå organisasjonane.

Informasjonssaker

Sak 1: Rekneskap for 1. tertial 2026

Sjå V-sak 3 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Fakultetsdirektøren går kort igjennom rekneskapen. Einingane har bremsa litt ned på nedbygginga av mindreforbruket, og dei fleste einingane går betre enn budsjettert.

Organisasjonane hadde nokre få oppfølgingsspørsmål som var svart ut, men ingen merknader.

Sak 2: Årsrapport 2026

Sjå O-sak 6 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Fakultetsdirektøren seier det er mykje å gleda seg over. Fakultetet utmerkar seg ved UiO ved at ein dreg inn godt med eksterne midlar. Det er også god studiepoengproduksjon.

Lokalt hovudverneombod berømmar fakultetet for at der er kome inn eit avsnitt om leiaropplæring i årsrapporten.

Forskarforbundet spør om ikkje dei gode resultata innan ekstern prosjektakkvisisjon og studiepoengproduksjon går ut over arbeidsmiljøet ved at det blir press på dei tilsette. Lurar også på om det er ein samanheng her med sjukefråværet, og om det blir eit auka press på prosjektøkonomar og HR når ein dreg inn meir ekstern finansiering.

Dekanen seier at ein framleis jobbar med å dimensjonere undervisninga, og målet er å ta aktiviteten litt ned for å skjerma forskingstida. Vidare at ein har gode diskusjonar om sjukefråværet, spesielt knytt til stipendiatgruppa som ligg høgst på sjuefråværsstatistikken. Ein ser at sjukefråværet aukar mot slutten av stipendiattida, og ein ser også at forskriftsendringa der ein no får forlenging frå alt fråvær ha ført til ei auke i registreringa av korttidsfråvær.

Sak 3: Timerekneskapen ved SV-fakultetet

Forskarforbundet har fremma forslag om at timerekneskapen ved SV-fakultetet vert evaluert. Dei ynskjer at ein ser på korleis timerekneskapen påverkar ressursfordelinga og den enkelte sin arbeidssituasjon.

Dekanen seier at timerekneskapen ved SV dekkjer ulike behov og ein då også får litt ulik oppfatning om kva den er. Ulike tilsettgrupper vektar dei ulike behova og omsyna ulikt.

Dekanen seier vidare at det er lite ressursar i leiinga ved fakultetet til å gå inn i denne saka på noverande tidspunkt grunna administrativt leiarskifte.

Forskarforbundet ser at det kan vera krevjande å skulle gå inn å evaluere timerekneskapen på noverande tidspunkt, men at ein bør kunne gå inn å sjå på saka på nytt i 2027. Forbundet har fått tilbakemeldingar frå tilsette som synes at timerekneskapen ikkje fungerer, og det er tilsette som opplever det som eit styringsverktøy for leiinga. Det er behov for eit felles kunnskapsgrunnlag og tida er moden for ei evaluering.

Dekanen seier dei ulike fakulteta har litt ulike innretningar på sin timerekneskap, og enkelte brukar det ikkje i det heile, som t.d. MN-fakultetet.

NTL meiner bruken av timerekneskapen bør drøftast med organisasjonane. Ein bør få felles rutinar då det i dag er skilnad mellom dei ulike einingane ved SV. Gjennomgangen av timerekneskapen er også ulik mellom dei ulike einingane, og av den grunn burde vore lagt til fakultetet.

Akademikarane meiner systemet med timerekneskap fungerer relativt greitt ved vårt fakultet samanlikna med andre, men støttar forslaget om ein gjennomgang.

Fakultetsdirektøren fortel at ein ved HF-fakultetet no prøver ut systemet "Workplan", eit hyllevareverktøy som også dekkjer behovet timerekneskapen dekkjer i dag. Det er HF som har teke initiativ til å prøva ut Workplan, men både IT- og studieseksjonen sentralt er på kopla arbeidet.

NTL meiner ein bør sjå korleis dei andre fakulteta løyser dette, både dei som har og dei som ikkje har timerekneskap.

Dekanen lurar på om ein kanskje har meir eit kommunikasjonsproblem meir enn eit problem med timerekneskapen.

Ein vert samde om å koma attende til saka på IDF-møtet i desember.

Sak 4: Øvrige saker til fakultetsstyremøte 19.06.2026

Ingen merknader.

Sak 5: Personalsituasjonen

Fakultetsdirektør Gudleik Grimstad går av med pensjon, og ny direktør Kristel Skorge byrjar i stillinga 1. september. Assisterande fakultetsdirketør Kari Marie Pound Davies vil fungere i juli og august.

Sak 5: Eventuelt

Ingen saker.

Med helsing

Gudleik Grimstad	Aud Jorunn Sandal
Avdelingsdirektør	Seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter.

Saksbehandlar: Aud Jorunn Sandal